

Multiconsult
Kunnskapshuset, Sæ 132
5417 STORD

Dato: 18.06.2018
Vår ref.: 2018/11355-4
Saksbehandlar: snowaag
Dykkar ref.:

Innspel til oppstart av detaljregulering Manger sentrum Aust - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 29.05.2018 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Manger sentrum Aust. Hovudføremålet med reguleringa er å leggja til rette for etablering av ny brannstasjon, utviding av miljøstasjon og bruksendring i eksisterande offentleg bygningsmasse. Føremålet er i hovudsak i samsvar med overordna plan. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Oppstartsmeldinga er oversiktleg og beskriv kva som er intensjon med planarbeidet og kva vurderingar og utgreiing som skal gjerast i det vidare. Då intensjonane med planarbeidet i hovudsak er i tråd med kommuneplan, går vi ikkje i detalj på noverande planstadi. Vi ber om at følgjande tema vert fokusert på i det vidare arbeidet med planen.

- Ros
- Kulturminne og kulturmiljø
- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Folkehelse
- Klima og energi
- Landskap Naturmangfald
- Næringsutvikling
- Samferdsel
- Senter- og tettstadsutvikling
- Senterstruktur og handel
- Universell utforming

I tillegg ønskjer vi i særleg grad å vise til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, då det aktuelle planforslaget omhandlar kommunesenteret i Radøy kommune. Hovudmål i den regionale planen er at fylket skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal vidare utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i. Kapittel 2 omhandlar attraktive sentrumsområde, med eigne mål, planskildring og retningslinjer for den kommunale planlegginga (2.3).

Vi ønsker lukke til med det vidare planarbeidet, og er tilgjengeleg for vidare diskusjon om dette skulle vere ønskjeleg.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Snorre Waage
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

RADØY KOMMUNE